

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 18.

Fylke: Møre og Romsdal.

Tilleggsspørsmålnr.

Herad: Øksendal.

Emne:

Bygdelag: Øksendal.

Oppskr. av: Anders E. Skrondal

Gard: Skrondal.

(adresse): Øksendal .

G.nr. 9 Br.nr. 3.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle. Ja, og ein del tradisjon.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

1. Ja.
2. I 1895.
3. Nei, juletreea vart først bruka i heimen. På festar kom det i bruk seinare. I ungdomslag og skular.
4. Her veit ein ikkje om pynting av stue med grønt eller papirpynt.
5. Nei, det veit eg ikkje om.
6. For det meste bruka dei det so høgt, at det mest nådde opp under loftet i stua. Men det hende og at det vart bruka eit lite tre som vart sett på eit lite bord.
7. Treet var pynta med kulørt papir, som borna klippte ut til korgar, lekkjor o.l. Vidare var det å få kjøpt bakverk til å hengja opp i juletreeet. Det var "Jødekakor" -menn og kjerringar-hestar-griser- og alle slags dyr. Det vart tredd tråd gjennom deim og så hengt på greinerne. Fikenkakor vart og opphengt på denne måten. I papirposane vart det fyllt net og "Nik-nakk" Lysa var heim laga talglys plasert i kjøpte stakar.
8. Det var mor som pynta treeet, men etter kvart som nokon av borna vaks til, vart det dei som stod føre det.
9. Det stod for det meste fritt på golvet. Ein kross tente til fot og denne vart gøymt frå år til år.
10. Lysa vart tent om julekvelden når ein sat ved kveldsbordet, samleis nyttårskvelden og hellig-trekongerskvelden.
11. Det vart gjenge i ring kring treeet og sunge julesongar om julekvelden, og elles når det kom vitjingar av granneborna.
12. Det kunne vera så ymse. Men eit gammalt ordtak seier: "Tjugandedags-Knut jagar jula ut", og den tid var treeet oftast utkome.
13. Ja, borna fekk "hausta" juletreeet som dei sa. Då vart matsakerne delt millom borna, og pynten vart varsamt nedteken og gøymt til neste jul.
14. Her vart nytta furu, men etter at granplantingane vaks til har det vorte meir nytta gran.
15. Var ein ibeit for furu, fann dei i ein fin einer. Nokor anna erstatning har ein ikkje høyrte om.
16. Nokort tre utanfor huset har ikkje vore bruka, såvidt eg veit. Julebandet vart enten sett på ei stong eller oppi tuntreet.

2
Halm veit ein ikkje å ha høyrte om vore nytta på golvet om julekvelden. Derimot vart det strådd rispa einer på golvet høgtidsdagarne og helgane elles.

Emneliste no. 17 Torvtaking er det ikkje noko å fortel om her, då det ikkje har vore bruka slikt til brensel.

Derimot har det vore teke noko torv til gjødselblanding. Denne torva vart spadd opp om vårane, lagt utver på ein turr knaus, og så blanda atti møka "i møkjadungstødet" utanfor fjøsveggen.

4038

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

adr. NORSK FOLKEMUSEUM

BYGDØY